



Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

Møtedato: 31.01.2023
Møtestad: Kommunestyresalen, Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 10:00

Det vert i tillegg til vedtakssaker, orienteringssak om:

- Søknad om støtte frå næringsfondet til kjøp av næringsbygg
- Revidering av Strategisk næringsplan.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Varamedlem	Vara for Kristin Nåmdal i sak 006/23

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2023	Godkjenning av møteprotokoll
003/2023	Referatsaker
004/2023	Orienteringssaker
005/2023	Søknad om tilskot - Nygard Elektro
006/2023	Søknad til næringsfondet - Coop Modalen

Notat frå møtet:

001/2023: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2023: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

003/2023: Referatsaker

Behandling:

Ingen referatsaker til handsaming

Vedtak:

004/2023: Orienteringssaker

Behandling:

Ass. rådmann orienterte kort om:

- Søknad om støtte frå Modalen næringsbygg frå næringsfondet til kjøp av næringsbygg. Saka vert sendt til kommunestyret for handsaming. Næringsfondstyret bed om at det vert gjort ein gjennomgang av medlemmene i kommunestyret sin habilitet i saka, for å sikre at nok varamedlemer

vert kalla inn.

- Revidering av Strategisk næringsplan.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

005/2023: Søknad om tilskot - Nygard Elektro

Behandling:

Ass.rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 400 000,- i tilskot og 225 000,- i lån, som samla sett er 50 % i lån og tilskot, til Nygard Elektro til innkjøp av servicebil med inventar, samt diverse utstyr og ikt-/dataverktøy. Følgjande vilkår gjeld for vedtaket:

1. Tilskotet og lånet skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg.
2. Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.
3. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.
4. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.
5. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotsgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.
6. Lån over kr 50 000,- skal sikrast med pant.

Vedtaket er heimla i *Vedtekter for næringsfondet* (KS-sak 045/2017).

006/2023: Søknad til næringsfondet - Coop Modalen

Behandling:

Kristin Nåmdal er ugild i handsaming av saka då ho er sambuar med styreleiar i Coop Modalen. Anne Britt Almelid er vara i saka.

Ass.rådmann orienterte kort om saka og svara på spørsmål.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune løyver kr 700 000,- i tilskot frå næringsfondet til Coop Modalen til prosjekt «Ny butikk». Følgjande vilkår gjeld for vedtaket:

1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg.
2. Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.
3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.
4. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotsgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet. Stønadmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Vedtaket er heimla i *Vedtekter for næringsfondet* (KS-sak 045/2017).
